

Moderne sausanking i Fåvang



Teknikken et seg lenger og lenger innover fjellet. Ein nybygd "karusell" og ei nymoderne digital sauevekt har revolusjonert arbeidet for sausankarane i Fåvangfjellet.

Fride Gunn Rudi

No er det ikkje slik å forstå at korkje sau eller folk har byrja å køyre karusell under sauesankinga, men etter stemninga å


døme, er det nye skiljesystemet for sauesorteringa minst like moro å manøvrere. Arbeidet går unna i ein viss fart, men gode kommentarar blir det tid til mellom kvar "ulldott" som smøyser seg framover i systemet. Ved Tromsbua aula

det av sau og blide fjes, da det nye sorteringsanlegget vart teke i bruk.

Bla om



Tvillingane Thomas og Johan Bjørge (4), synes det er stas å hjelpe onkel Ole Johan med sauesankinga.



Sauene ser litt skeptisk på vekt!

Sau på rekke og rad

400 sau i timen, eller sju i minuttet, passerer under staven som Ole Johan Bjørge styrer. Individnummer og vekt blir registrert, utan at ei einaste hand har rive og slitt i ull og øyro for å sjå kven som er ute og går. Sauen sin vidare lagnad blir også avgjort på augneblinken, om eigarane har studert tal og lister godt på førehand, og veit kven som skal til dei evige beitemarker, og kven som har ei von om fleire somrar i fjellet. Med enkle grunder og eit vakent mannskap, blir sauene dirigert dit dei skal for vidare transport.

Det var i fjor at desse "nymotens greiene" byrja å ta plass ved Tromsbusua i Fåvang, stutt tid etter at slakteria hadde starta med digitale merkjer i øyra på sauene, noko som har forenkla og gjort arbeidet med individregistrering mykje raskare. Dermed sparar ein både folk og dyr for mykje slit, og ein får viktige opplysningar inn i systemet på rekordtid. Dei som er med i sauekontrollen, kan gå inn på datamaskiner og få ferske avdråttstal rett på skjermen til kvelds, og sjå kva for søyer som er med frå fjellet.

Nyskapande fåvangingar

Slaktemodne lam kan køyrast rett til slakteriet. "Beite og arbeid spart og pengar tent". Slaktebilane står klare, for å sikre seg dei fyrste delikatessene rett frå fjellet. Men dei har også tanke for dei som skal leva vidare, og køyrer søyer og



Tett i tett og på rekke og rad står sauane i ein nybygd karusell. Klar til å forlate beitet på Fåvangfjellet.

livlam hit og dit så "skodda står".

Ein som helst ikkje vil fram i lyset, men som avgjort står som ein av hovudmotorane bak prosjektet med fornyinga her, er Stein Myhrsveen. Med sitt blide og hjelpsame vesen, og eigen sauebuskap i beiteområdet, er det ikkje så rart at Furusethsjåføren har mange "disiplar" i blå kjelredress her. Dei

ynngste som stiller i blådress, er tvillingane Bjørge, som er med på sauesanking for onkel Johan. Men blå dress hadde også Hed-Opp leverandørar før i tida. Dette slakterikonsernet har skifta namn til Nortura, men veteran og kanskje den som sit inne med aller størst kjennskap til både sau og miljøet rundt i det ganske land, Hans

Hjelstuen, stiller i Gildefargene raudt, kvitt og blått. Kollega Knut Evensen, om ikkje frå Fåvang så i alle fall ifrå Ringebu, har også interessert seg for sau sia han var liten gut. Han er også på plass for å sjå på nyskapinga til fåvangingane.

– Ja, eg har drivi med sau snart ein mannsalder og au, hadde fyrste

søya mi hos bestefar da eg var seks år, ho heitte Gulldokke og hadde nummer 24, kan Knut fortelje.

Han reiser no rundt omkring hos sauebønder i heile Sør-Noreg. Dressen hans er grå og grøn, men her er alle på godfot same kva slags farge det er på dressen og kven som tek av garde med slaktesauen. Her er det sauene og samholdet som gjeld!

Stor dugnadsinnsats.

Det nye sanke-systemet har ikkje kome av seg sjølv, og det kostar naturlegvis både tid og pengar å få på plass.

– Det var Sigurd Krekke gjennom Sau og Geit som kontakta Stein Myhrsveen. Ole Johan Bjørge var med frå gjetarlaget, og saman med tilføringssjef i Nortura, Erling Skurdal, var dei hos Fylkesmannen og søkte om midlar, fortel sausjef i gjetarlaget Per Arne Kleven, som ikkje kan få fullrost det nye anlegget.

– Med dette systemet, sparar vi både tid og mannskap, og det er rovdryføybyggjande på den måten at vi får frigjort tid til å få heim sauene raskare. Det har nok gått med sikkert ein måned til dugnadsarbeid her i sommar. Alle har vore positive og hjelpsame, men det er ingen tvil om at Stein er ei dragkraft, seier Kleven. Johnny Høyvesveen har vore leiar i arbeidsgruppa.

Midlar har dei også fått frå Innovasjon Noreg, Nortura, Furuseth Slakteri og Ringebu



Dette lammet veg berre 39 kilo, og må nok få leve ei stund til, meiner Ole Johan Bjørge og Per Arne Kleven.



Siko, Sivert Myhrsveen og Håvard Stenumgård, alle ivrige sauesankarar!



Kven er eldst, Knut Gundersen eller Amund Sveipe...



Eit godt dugardsmåltid høyr dugnadsarbeid og sausanking til.

Fjellstyre. Vekta med utstyr kostar åleine om lag 70000 kroner. Eit skur med god plass til vekta og dei som skal gje ordre om kor sauen skal, er god å ha i desse regnvers-tider. Underlaget som sauen går på, er bærelag og grov grus som drenerer godt så ein slepp å vasse i gjørme. Det set også sauen pris på der den kjem springande ut frå den einskilde eigar si avdeling i karusellen. Sauene blir sankt i dagane før veginga, men har ei kve på 70 dekar å gå på, så det vil ikkje ha store utslaget på vektene.

Godt miljø

No er det nok ikkje berre den nye vekta og opplegget rundt som gjer at det er så triveleg å vera på saue-sanking i Fåvangfjellet. Eit spesi-elt godt miljø har det vore her i "alle år". Her sluttar ikkje folk med sau, men startar opp! Og heile familien er med på sanking. På sjølve sankedagen møtte rundt 30 juniorar opp. Det går greitt å få skulefri, men skal ein vera med i fleire enn tre dagar, må ein søkje rektor om lov. Seniorane som ikkje er med på sankinga, møter

opp for å sjå på!

– Det går greitt å få fri, seier Sivert Myhrsveen, som har vore med i to dagar og skal vera med i tre dagar til. Han og kamerat Håvard Stenumgård er ivrige rekruttar saman med border collie-kvalpen Siko. Kjønnsfordelinga er det heller ingen ting å seie på. Hilde Dalberg Kleiven dukkar opp med dei to yngste etter skuleslutt, og jammen har ho med kake også, noko som går rett ned hos saufolket. Humøret er på topp, sjølv om det kan leite på nokon kvar å

springe etter sau i timevis. Knut Gundersen kjempar om å vera den eldste på heile arenaen, der han slit med dårlege bein. Men må nøye seg med tittelen den mest sjeldne, sjølv om han ikkje er den einaste med frodig skjegg og skulda for å likne Jesus. Mange gode hyrdar er det her i alle fall!

Slaktarar på fire føt

Det vart sleppt 4130 sau her i vår. Kor mange som har overlevd som-maren, har dei ikkje oversikt over i skrivande stund. Både ulv og

bjørn har vore og forsynt seg grovt. Gjetaren, som har tre for-skjellige buer han kan flytte mellom, saman med godt tilsyn frå eigarane, kan neppe avverje åtaka. "Slaktarane" på fire føt kjem som regel på ei tid av døgeret der folket ligg og søv.